



Seljord kommune

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KONTINGENTKASSA

Gjeld søknad om tilskot til kontingent og/eller utstyr til barn og unge frå 6 år og ut vidaregåande skule. Det blir gitt inntil kr 3.000,- i tilskot per person per år. Den som søker vurderer om familien er i ein slik situasjon at dei ikkje kan dekke dette sjølv. Søkar fyller ut søknaden og signerer.

Kven søker: For instans:

Kven følger opp tiltaket: Tlf:

E-post:.....

Barnet/ungdommen sitt namn:..... Alder:.....

Adresse:.....

Føresette sitt namn:.....

Adresse (føresette):.....

Kva blir det søkt om midlar til?.....

Kontingent /aktivitet: kr..... Innkjøp av utstyr: kr.....

Er rekvisisjon utstedt? ja/nei

Dersom fakturaen allereie er betalt av barnet sine føresette (og denne skal ha refusjon for betalt faktura), må bankutskrift/kvitteing som dokumenterer dette bli lagt ved søknaden.

Namn på kontoinnehavar:.....

Kontonummer:..... Fødselsnummer.....

Eg stadfestar å ha gjort meg kjend med ordninga j.f. Informasjonsbrevet:

Søkaren si underskrift..... Dato:.....

NB: Føresette skal vere informert om søknaden.

Send søknaden til: Seljord kommune, e-post; post@seljord.kommune.no, Brøløsvegen 13, 3840 Seljord

Vi gjer merksam på at svarbrevet blir sendt direkte til instans/organisasjon.

Spørsmål kan rettast til: kultursjef Asbjørn Storrusten, as@seljord.kommune.no, telefon: 917 96 785



Seljord kommune

KONTINGENTKASSE - INFORMASJONSBREV

Seljord kommune har etablert ei tilskotsordning kalla Kontingentkassa. Ordninga er eit samarbeid med Telemark idrettskrets og Gjensidigestiftinga.

Søknadar vil bli handsama fortløpande (ingen søknadsfrist), og midlar blir fordelt til kassa er tom.

For kven: Barn og unge i alderen 6 år til dei er ferdige med vidaregåande skule, og som er del av familiar med låg inntekt.

Kva kan ein få støtte til: Kontingentar, aktivitetar og utstyr til enkeltpersonar slik at barn og unge, uavhengig av foreldra sin inntekt, kan delta på organiserte fritidsaktivitetar. Det vil etterkvart bli mogleg å skaffe sykklar innanfor ordninga. Ta kontakt for å sjekke status.

Kor mykje: Inntil kr 3.000,- i tilskot per person per år som ei eingongsstøtte.

I særskilde høve kan ein få ytterlegare støtte til t.d. deltaking i lagturnering, cup og leir.

Kven kan søkje (på vegne av barnet):

Det er berre laget/organisasjonar (idrettslaget, korpset, koret, lokallaget o.l.) som kan sende søknad til kommunen etter ei vurdering av behov. Ressurspersonar som arbeider i kommunen, sosiallærer, flykingskonsulent, helsesjukepleiar, miljøterapeutar, barnevernstenesta m.m. kan og søkje.

Barnet eller familien kan ikkje søke sjølve.

Krav til søker:

Den som søker har ansvar for å følgje opp at barnet/ungdommen deltek i aktiviteten det er søkt støtte til. Dette betyr at den som søker skal hjelpe barnet til å hugse på/komme seg til aktiviteten i starten, ikkje at den vaksne må følge barnet på alle aktivitetane. Oppfølginga kan og innebere å sjekke at kontingenten er betalt eller liknande.

Det er den som søker som må vurdere om familien er i ein slik situasjon at eit bidrag frå kontingentkassa vil vere avgjerande for om barnet kan delta på ein aktivitet eller ikkje. (Kontingentkassa er ikkje meint å vere eit handslag til lag- og foreiningar som har trøbbel med å inndrive kontingenter.) Det er barnets/familiens situasjon som er avgjerande.

Krav til søknaden: Vedlagte søknadsskjema må nyttast. Ver nøye med å fylle ut heile søknadsskjemaet, og hugs å legge ved eventuelle fakturaer, kvitteringar eller liknande.

Spørsmål om ordninga:

Ta kontakt med kontaktperson for Kontingentkassa kultursjef Asbjørn Storrusten as@seljord.kommune.no, tlf 91 79 67 85